



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Universitetsmuseet i
Bergen

Jobbnorge-ID: 249656

Søknadsfrist: 02.10.2023

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Fast

Gartnar/anleggsgartnar(100 % stilling) ved Universitetshagane/ Gartner/Anleggsgartner

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/vtJLmcUJ3-w>

Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er Vestlandets viktigaste kunnskapsinstitusjon. Vi er eit internasjonalt retta forskingsintensivt breiddeuniversitet. Universitetet driv forskning, kunstnarleg utviklingsarbeid og undervisning innan eit stort spekter av fagområdet. UiB har 7 fakultet og 40 institutt.

Universitetsmuseet

Universitetsmuseet i Bergen har omfattande vitskaplege samlingar og er eit nasjonalt kunnskapssentrum der forskning, samlingsforvalting og formidling er kjerneoppgåver som spenner over fagfelt antropologi, arkeologi, botanikk, geologi, kunst- og kulturhistorie og zoologi. Nærare informasjon om museet finn ein [her](#).

Universitetshagane

Hagane består av tre ulike anlegg, der Arboretet og Bergen Botaniske hage med tilhøyrande veksthusanlegg er lokalisert på Milde 23 km sør for Bergen, medan Muséhagen omkransar Naturhistorisk museum på Nygårdshøgda. Plantesamlingane i Universitetshagane blir brukte i formidling, forskning, bevaring, undervisning og rekreasjon. Vi formidlar kunnskap om planter og naturmangfald. Universitetshagane er tilrettelagte for publikum med skilta vegar, stiar og planteinformasjon, og har gode besøkstal gjennom heile året. Du kan lese meir om seksjonen [her](#).

Hageseksjonen har 25 fast tilsette, i tillegg til ein del sesongarbeidarar, og blir ledet av ein seksjonssjef. I seksjonen er det tre vitskaplege stillingar. Det er også ein overgartnar og tre driftsleiarar som har hovudansvar for teknisk drift av anlegga.

Arbeidsoppgåver:

Vil du bli ny medarbeidar i vår vakre botaniske hage? Me søker etter en person som vil vere med på laget vårt og som vil gjere ein fagleg forskjell i Universitetshagane.

Til dette treng vi ein gartnar/anleggsgartnar som:

- tek ansvar for fagleg og profesjonell utføring av arbeidsoppgåvene.
- kan bidra til vedlikehald av plantesamlingar.
- tek ansvar for vedlikehald av anlegga, inkludert steinarbeid.
- kan ta del i samlingsforvaltning; registrering, kartføring og arbeid i database.
- kan leggje til rette for praktisk gjennomføring av forskning i samråd med dei vitskaplege tilsette.
- kan rettleie sesongarbeidarar og andre midlertidig tilsette.
- kommuniserer godt med publikum, kan vere guide ved omvisingar, undervise på kurs, og delta på arrangement.
- fokuserer på og arbeider for meir miljøvenleg og berekraftig drift av hagane.

Arbeidsoppgåvene er for tida lagt til Bergen Botaniske Hage, Milde, men arbeidsplass og oppgåver i Universitetshagane kan endre seg over tid. Arbeidet vert utført ute heile året. Den som vert tilsett kan bli pålagt å ta del i vaktordning, og arbeidsoppgåver kan krevje arbeid på søndagar og helgedagar og/eller på kveldstid.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Fullført utdanning som gartnar, anleggsgartnar eller tilsvarande kompetanse.
- Relevant arbeidserfaring
- Vere nøyaktig i arbeidet.

- Generelt gode datakunnskapar.
- Evne til å kommunisere godt på norsk eller eit nordisk språk og engelsk.
- Stillinga krev at du har førarkort for bil med manuell gir og tilhengar.

Det er ein fordel om du og har bevis for bruk av motorsag, førarkort for stor traktor og gravemaskin, erfaring frå arbeid med ulike maskiner, og god teknisk forståing.

Arbeidsoppgåvene kan vere fysisk tunge.

Personlege eigenskapar

I vurderinga vil ein leggje vekt på personlege eigenskapar. Me søker etter ein positiv, løysingsorientert person som er god i teamarbeid og arbeider sjølvstendig når det er nødvendig. Vi ønsker at du skal være målretta, engasjert og initiativrik med gode kommunikasjons- og samarbeidsevner. Du må kunne prioritere i ein travel kvardag samstundes som du jobbar mot langsiktige mål og representerar Universitetshagane på ein god måte og i tråd med UM og UiBs strategi.

Vi kan tilby:

- Interessante- og varierte arbeidsoppgåver.
- Eit hyggeleg, utfordrande og til tider travelt arbeidsmiljø i flotte omgjevnader.
- Stilling som forskningsteknikar (kode 1512), lønn for tida kroner 454 500 - 495 200 (Ltr. 43 - 49) i det statlege lønsregulativet. For særleg godt kvalifiserte søkjarar kan ein vurdere høgare løn
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: seksjonssjef Berit Gehrke, e-post berit.gehrke@uib.no, telefon 46627194, eller frå overgartnar Mladen Golubovic, e-post mladen.golubovic@uib.no, telefon 94878859.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjer som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via www.jobbnorge.no til Universitetet i Bergen. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom søkjaren får melding om det.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Universitetsmuseet i Bergen - [Les meir her](#)

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Mildevegen 240 5259 Hjellestad (Bergen Kommune)